



## Sluttrapport – Lokalt trafikksikringsarrangement – økonomisk støtte - 2016

Sluttrapporten skal sendast til:

Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Rapporten må merkast: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - sluttrapport – ref: 2014/1230"

Stad og dato:.....Knarvik 30.august 2016.....

### Rapportering etter lokalt trafikksikringsarrangement

Navn på arrangement	«Russearrangement», «Trafikksikringsarrangement»
Tidspunkt for arrangement	21. april 2016
Navn på mottakar av tilskotet	TSU Nordhordland, Trafikkfaglig samarbeidsutval
Adresse og postnr.	v/ Jakob Hernar Sagstadveien 19
Postnummer og poststad	5918 Frekhaug
Epost	<a href="mailto:gunn-torhild.ramslien@lindas.kommune.no">gunn-torhild.ramslien@lindas.kommune.no</a> <a href="mailto:Nils.Medaas@lindas.kommune.no">Nils.Medaas@lindas.kommune.no</a>
Kontonummer	3633.42.39270
Organisasjonsnummer	899 303 342
Kommune	Arrangementet ble gjennomført i Lindås kommune, men er for elever i Nordhordland
Tilskotssum	Kr 75.000,-
Evt. eigenandel	Eigenandel: kr.100.000,-
Totalkostnad	Totalkostnad: kr. 200.159,-

### Gjennomføring av arrangementet:

Gje ei kort utgreiing av korleis arbeidet er gjennomført. Gje ei kort vurdering av kva trafikksikringsverknader prosjektet har hatt, og vidare planar for arbeidet.

Torsdag 21. april vart årets «russearrangement» gjennomført. Om lag 500 elevar frå Nordhordland

var samla ved Nordhordlandshallen i Knarvik. Det var elevar frå folkehøgskulen på Frekhaug, avgangselevar frå Knarvik, elevar frå yrkesretta fag i Knarvik og elevar ved Austerheim vidaregåande skule. Det vart også opna opp for at lokalbefolkinga kunne delta på utedelen av arrangementet.

Utdeelen av arrangementet, var ein full demonstrasjon av ein redningsaksjon ved ein trafikkulukke. Alle naudetatane var med i demonstrasjonen; brann, politi, ambulanse og luftambulanse.

Arrangementet starta med å sleppa en bil frå 24 meter, som tilsvara ein bråstopp i 80 km/t.

Under heile demonstasjonen, fekk elevane forklart korleis redningsmannskapane arbeidar på skadestaden. Dei fekk informasjon om faremomenta i trafikken og årsaker til mange trafikkulykker. Elevane vart sterkt oppmoda om å vera aktsam i trafikken, og sei i frå om det er nokon som kører fort eller uforsvarleg.

**På ein realistisk og brutal måte, fekk elevane innblikk i konsekvensane av ei tragisk trafikkulykke med høg fart.**

**Dette gjer inntrykk !**



Torsdag demonstrerer naudetatene korleis dei jobbar på ein skadested. Arrangementet er ope for alle interesserte. (Foto:

Etter at demonstrasjonen fekk elevene anledning til å sjå på bilvraka og prata med utrykkingspersonell på staden.

Arrangementet fortsette med ein «innedel», som vart halde i Knarvik kyrkje. Arrangementet inne vart opna med musikk frå lokal artist. Vidare fekk elevane høyra historiar frå personar som sjølve har vore involvert i alvorlege trafikkulukker. Dei skildra sjølve trafikkulukka, men også den sterke historia om kampen tilbake til livet etter ulukka.

Dårlege val i trafikken kan få fatale konsekvensane, ikkje berre for den forulukka, men også for alle rundt.

**Det er ei sterk oppmoding til dei unge om å ta gode val i trafikken.**

Russearrangementet fekk omtale i lokalavisene, Strilen og Avisa Nordhordland. Samt dekning med film i Bergens Tidene, nettavis. Vedlagt følgjer nokre utklipp frå lokalavisa.  
<http://www.strilen.no/arkiv/Nyheter/Sja-kva-ein-krasjAgjer-med-bilen-454673.html>

<http://www.nordhordland.no/lindas/meland/lindas-og-meland-brann-og-redning/opplev-kva-som-skjer-i-ein-frontkollisjon/s/5-33-65860>

## Sjå kva ein krasj gjer med bilen

Ketil Tjøre

Publisert: 18 APR 2016 15:28 Oppdatert: 18.04.2016 15:28



NO

### Trafikksikringsverknad arrangementet har hatt:

Dette er tiande året TSU gjennomfører arrangementet. TSU har truen på at arrangementet verkar, og vi får mange og gode tilbakemeldingar på arrangementet. Arrangementet gjer sterke inntrykk, som igjen gjer noko med haldningane i trafikken og køyremønsteret til dei unge.

TSU har laga ein film som beskriv arrangementet. Sjå filmen på :

<https://www.dropbox.com/s/yivykbzjw7geabv/TSU%20Trafikksikringsdag%20for%20russ%20MASTER.mp4?dl=0>

### Vidare planer for arrangementet:

Arrangementet er gjennomført på det 10'ande året, og vi er overtydd om at det nytter. Vi gir oss ikkje med det, og ynskjer å gjennomføre tilsvarende arrangement til neste år. Me har som mål å nå endå fleire med gode haldningar i trafikken.

## Rekneskapsoversikt:

Legg ved eit detaljert rekneskap.

Type midlar	Utgifter	Inntekter
Leie av buss	11253	
Leie av lokale og severing	11221	
Lyd og lystekniker	52000	
Bilvrak og transport	4750	
Mobilkrane	9375	
Blomster	2560	
Innleie av ekstramannskap,	10000	
Anna (opprydding,markører m.m)	4000	
*Eigenandel del, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr):	100000	100000
Midlar frå Lindås kommune		35159
midlar frå FTU	75000	
	200159	200159

# Tusen takk for støtta til arrangementet!